



Elisabeth Fauskanger er søndagsskulekonsulent og ein flink pedagog

Det nye søndagsskuleopplegget som har vore gjennomført siste sesong har vore ein suksess. Frå start meldte det seg 36 betalande og det har i snitt møtt rundt 15 ungar til det spennande opplegget med Gullivergjengen for dei frå 3 år til 1. klasse og Tårnagentane for dei frå 2. til .4. klasse. Før var det ikkje meir enn halvparten så mange som møtte. Eldsjelen Nelly Kjærland er svært fornøgd og ved avslutninga i dag lovar ho det samme programmet frå hausten.



Både unge og eldre var møtt fram til avslutninga

Sundagsskulen var laurdagsskule før han vart mandagsskule frå denne hausten men flyttinga har altså ikkje vore nokon ulempe. Også i dag var det rundt 15 frammøtte og dei hadde ein engasjert og flink lærar - sundagsskulekonsulent Elisabeth Fauskanger frå Stord som også var her i oktober i fjor.

Ho heldt dei unge fanga og leia også ein miniutfukt til den nærliggjande Stemneplassen med ei tevling som ho hadde kalla BOM30.

Det var også fleire foreldre og besteforeldre med på avslutninga som sjølvstøtt også hadde ei matøkt.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Sangen rungar i bedehuset